

## **Spørsmål i spørjetimen - John Arild Mangerøy**

Busskur på Manger

På Toskavegen ved Urhaugen/Selfallet er det av dei som bur der uttrykt eit ønske om å få etablert eit busskur. Mange ungdommar ventar på bussen der i all slags vær. Det samme gjeld ved Langhøyane/Huldredalen. Etablering av busskur bør prioriterast ved dei største byggefelta i kommunen, og det bør sjekkast ut om det er behov andre stader også.

*Spørsmål:*

Er det mogleg å få etablert to busskur ved Toskavegen, eit ved Urhaugen/Selfallet og eit ved Langhøyane/Huldredalen innan rimeleg tid?

*Nytt spørsmål:*

Når kan ein forventa at trafikksikringstiltak med opphøgd gangfelt frå gang/sykkelveg over Fv 410 Toskavegen til byggjefelt Langhøyane blir gjennomført? Tiltak ligg inne i trafikksikringsplan.

**Svar:** Radøy har nyleg vedteke trafikksikringsplan. Tiltak i denne som handlar om fylkesvegane, skal fylkeskommunen innarbeida i sine planar. Sidan spørsmålet gjeld busskur ved fylkesveg, er det deira ansvar. Ordførar har bede fylkeskommunen om det årlege møtet,- innarbeiding av TS-planen vår vert eitt naturleg tema i år.

Noko av området det vert spurt om ligg inne i reguleringsplanen for Langhøyane, og utbygging av denne vil gje fortau. Gangfelt er ikkje omfatta av reguleringsplanar,- det vert vurdert etter andre planverk hjå Vegvesenet.